

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
137/15	Plan- og miljøutvalet	PS	23.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	15/2245

Høyring - søknad om utviding av akvakulturanlegg for settefisk - Bjørsvik

Vedlegg:

Merknad til Lerøy Vest AS sin søknad etter akvakulturloven - utviding av settefiskanlegg i Bjørsvik
Merknad til søknad om utviding av anlegg for oppdrett av settefisk av laks og aure på lokalitet 13653
Merknader frå Skaar g nr 229 bruk 1 og 2pihl til Lindås kommune
Merknad til kunngjering av søknad etter akvakulturlova om utviding av settefiskanlegg i Bjørsvik
Luke i demningen
Målestav vannstand
Merknader til utviding av settefisk annlegg i Bjørsvik
HFK følgeskriv til Lindås kommune
1000 kart med anlegget
1000 kart med anlegget
5000 kart med anlegget

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune har vurdert søkanden om utviding av settefiskanlegg på lokalitet Bjørsvik i Lindås kommune, og har følgjande merknader til søknaden:

- Det bør setjast krav om full reinsing av utslepp frå anlegget
- Verknader av eit eventuelt ureinsa utslepp må vurderast opp i mot dei omsyna og krava som vert sett i regional plan for vassområde Hordaland.
- Det må gjerast eigen vurdering knytt til om eventuelle utslepp vil verte ført inn att i Bjørsvik som følgje av tidevasstraumen, og eventuelle verknader på tilhøva i Bjørsvik knytt til dette.
- Lindås kommune vil tilrå at eventuelle privatrettslege tilhøve knytt til uttak av vatn frå Husdalsvatnet er avklart før det vert gjeve løyve etter akvakulturlova, då eit eventuelt bortfall av avtale vil kunne ha verknader for drifta ved anlegget.
- Lindås kommune vil tilrå at ein vurderer om konsesjonen for uttak av vatn frå NVE også gjeld for produksjon av 7,5 millionar fisk før ein gjev løyve til utviding.

For utfyllande informasjon vert det vist til saksutgreiinga.

Plan- og miljøutvalet - 137/15

PM - behandling:

Framlegg frå K. Romarheim-Krf:

Som rådmannen sitt framlegg med følgende endring i punkt 1: "*Det bør setjast krav om rensing av utslepp frå anlegget*".

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (K. Romarheim-Krf, A. Angelskår-Krf, I. Hindenes-Uavh, I.Fjeldsbø-H, H. Lindås-H, N. Stabell Øvreås-Frp)

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyter og fall (A. Namtvedt Sylta-Ap, L. Brunborg-A, K. Gjerstad-Sp)

PM - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune har vurdert søkanden om utviding av settefiskanlegg på lokalitet Bjørsvik i Lindås kommune, og har følgjande merknader til søknaden:

- Det bør setjast krav om rensing av utslepp frå anlegget
- Verknader av eit eventuelt ureinsa utslepp må vurderast opp i mot dei omsyna og krava som vert sett i regional plan for vassområde Hordaland.
- Det må gjerast eigen vurdering knytt til om eventuelle utslepp vil verte ført inn att i Bjørsvik som følgje av tidevasstraumen, og eventuelle verknader på tilhøva i Bjørsvik knytt til dette.
- Lindås kommune vil tilrå at eventuelle privatrettslege tilhøve knytt til uttak av vatn frå Husdalsvatnet er avklart før det vert gjeve løyve etter akvakulturlova, då eit eventuelt bortfall av avtale vil kunne ha verknader for drifta ved anlegget.
- Lindås kommune vil tilrå at ein vurderer om konsesjonen for uttak av vatn frå NVE også gjeld for produksjon av 7,5 millionar fisk før ein gjev løyve til utviding.

For utfyllande informasjon vert det vist til saksutgreiinga.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Lindås kommune har motteke søknad etter akvakulturlova om utviding av settefiskanlegget til Leerøy Vest AS i Bjørsvik frå 2,5 millionar fisk til 7,5 millionar. Søknaden har vore lagt ut til høyring i kommunen i 4 veker, og kommunen skal gje uttale til søknaden som vert handsama av Hordaland fylkeskommune. Det har kome inn til saman 6 merknader til søknaden frå bebuarar og bygdelag i området.

Saka gjeld:

Lerøy Vest AS har søkt om løyve til å utvide anlegg for oppdrett av settefisk for laks og aure frå 2,5 mill. til 7,5 mill. stykk sjøklar settefisk på lokalitet 13653 Bjørsvik i Lindås kommune.

Den omsøkte utvidinga vil skje i nytt anlegg i samsvar med godkjent reguleringsplan som inneber fylling i sjø og bygging av ny og større kai for å få plass til det utvida anlegget. Produksjonen vil bestå av 1,875 millionar 160 – 220 grams tidleg haustsmolt av aure for levering i veke 37 – 42 (september og oktober), 1,875 millionar 90 – 125 grams sein haustsmolt av aure for levering i veke 43 – 47 (oktober og november), 1,875 millionar 135 – 250 grams vintersmolt av aure for levering i veke 6 – 15 (februar – april) og 1,875 millionar 105 – 140 grams vårsmolt av aure for levering i veke 16 – 25 (april – juni), til saman 1094 tonn levert fisk. Med ein biologisk førfaktor på rundt 1,2 og fråsortering av den minste fisken undervegs, vil det til denne produksjonen bli brukt opp til 1375 tonn før årleg.

Anlegget hentar vatn frå Husdalsvatnet (51 moh) som har eit 12,1 km² stort nedbørfelt. Anlegget har vassdragskonsesjon frå NVE av 18. mai 2015 for regulering av Husdalsvatnet med 4 meter (HRV 51,0 m, LRV 47,0 m) og uttak av vatn. Vassuttaket skal avgrensast til maksimalt 1 m³/s og skal ikkje overstige 0,67 m³/s i gjennomsnittleg uttak over året. Det er krav om at reguleringsgrensene skal markerast med faste og tydelege vasstandsmerke. Det skal installerast vassmålar, og vassuttaket skal loggførast kontinuerleg.

Ein føresetnad for denne søknaden er at uttaket av ferskvatn skal skje innanfor vilkåra i gjeldande NVE-konsesjon. Det vert difor ikkje søkt om nokon endringar av desse vilkåra for uttak av vann, og ein legg opp til eit forbruk av ferskvatn som tilfredsstiller dette.

Avløpsvatnet frå anlegget vert i dag sleppt ureinsa ut på omtrent 37 m djup i ytre del av Bjørsvik i Osterfjorden. Gransking frå 2009 viste at det er middels gode strøm- og vassutskiftingsforhold i sjøområdet utanfor utsleppet. Dette vil sikre ei god spreiing av organisk materiale frå anlegget, og med oksygenrike vassmasser året rundt kan ein forvente effektiv og god omsetning av organisk materiale frå avløpet sitt nærområde og utover i resipienten. MOM B-gransking frå 2009 og 2015 viste også gode miljøforhold utanfor avløpet tilsvarande miljøtilstand 1= "meget god».

Merknader som har kome inn i høyringsperioden:

Det har kome inn til saman 6 merknader til søknaden frå grunneigarar og bygdelag i høyringsperioden.

Grunneigarar med interesser i Husdalsvatnet, som framleis skal nyttast som vasskjelde for settefiskanlegget, har peika på at det pågår ei rettsleg tvist mellom grunneigarane og

Norwegian Preserving Co AS knytt til uttak av vatn, og peiker på at reguleringa av vatnet i store delar av året er over avtalt høgd. Det vert peika på at reguleringssluka i demningen er støypt igjen og og ny målestav for vasstand er montert, og at dette er gjort utan samtykke frå grunneigarane. Det vert opplyst om at den høge vasstanden øydelegg for transport av tømmer og ved, og at opplagsplassar, tilkomst til naustetomter, gamle stiar langs vatnet, lagringsplassar og gamle slåtteteigar vert overfløymde. Vidare vert det opplyst at naust og høyløe vert skada av isen om vinteren, grunna høgare vasstand. Det vert vidare vist til at ulike tiltak, som eksempelvis etablering av oljelenser i innløpet på kanalen i husdalsvatnet, ikkje er avtalt med grunneigarane og at desse avtalane må vere på plass før det vert gjeve løyve etter akvakulturlova. Tilhøvet til vedlikehald av veg frå Bjørsvik opp til Husdalen vert også problematisert i merknadane.

Vidare har både bygdelaget i Bjørsvik og fleire av merknadshavarane peika på at ei tredobling av produksjonen ved anlegget vil føre til betydeleg meir utslepp frå anlegget og at ein må innføre reinsetiltak ved anlegget for å avgrense desse utsleppa. Utsleppa vil kunne gå utover innbyggjarane i området sine moglegheiter til både bading, fisking og bruk av strandlinia, og elles grunneigarane sine rettigheter til fiske (laksepllassar) langs strandlinia. Det vert også peika på at det ikkje er gjort nokre vurderingar knytt til korleis ureinsa utslepp vil påverke villaksen og stadbunden fisk i området. Det vert peika på at det elles ikkje vil vere høve til å sleppe ut kloakk på så grunt vatn og så nær strandlinia der det bur folk.

Vurdering

Lindås kommune har fått søknad om utviding av settefiskanlegg på Bjørsvik på høyring, og skal gje uttale i saka til Hordaland fylkeskommune. Det kom inn til saman seks merknader frå bygdelag og grunneigarar i området då søknaden etter akvakulturlova var på høyring.

Mange av merknadane viser til at det er uavklarte tilhøve knytt til avtalen mellom Norwegian Preserving Co AS og grunneigarane om uttak av vatn frå husdalsvatnet. Dette er i utgangspunktet privatrettslege tilhøve som kommunen ikkje har høve til å vurdere. Administrasjonen meiner likevel at dette er tilhøve som bør avklarast i forkant av at det vert gjeve løyve til drift etter akvakulturlova, spesielt dersom utfallet av tvisten kan føre til at rettighetar til uttak av vatn vert avgrensa eller endra, då dette kan få verknader for drifta ved anlegget.

Vidare vert det frå grunneigarar vist til at reguleringa av Husdalsvatnet fører til ulike ulemper på eigedommane, då høgaste vasstand ofte ligg over maksnivået som er sett. I tillegg vert det vist til at reguleringssluka for vatnet er murt att. Administrasjonen meiner at dette i utgangspunktet er tilhøve som må vurderast i høve NVE si sakshandsaming av konsesjon etter vassressurslova, men meiner fylkeskommunen må vurdere om dette er tilhøve som bør konsekvensutgreiast i samband med søknaden om utvida drift ved settefiskanlegget, då det er drifta ved anlegget som indirekte påverker tilhøva ved Husdalsvatnet.

I høve konsesjonen som er gitt frå NVE til uttak av vatn til settefiskanlegget, vil administrasjonen peike på at det berre er gitt konsesjon til uttak av vatn til 5 millionar settefisk, medan søknaden no inneber ein auke til 7,5 millionar. Administrasjonen har ikkje kompetanse til å vurdere kva verknader auken vil ha i høve uttak av vatn, men vil be fylkeskommunen og/eller NVE om å ta stilling til dette før søknaden om utviding av drifta vert avgjort.

Når det gjeld utslepp, har Lerøy Vest AS søkt om å få sleppe ut utsleppsvatnet frå

produksjonen ureinsa på eksisterande utslepp på 37 meters djupne. Fleire av merknadane uttrykker uro knytt til dette utsleppet og korleis dette vil påverke miljøtilhøva i Bjørsvika. I rapport frå Rådgivende biologer kjem det fram at utsleppet frå anlegget vil verte blanda inn i vassmassane på om lag 0-10 meters djupne. Vidare vil tidevatnet sørge for ytterlegare utblanding av utsleppa. Dei største sedimenta frå utsleppet vil sedimentere nærmare utsleppspunktet, medan mindre sediment vil følgje avlaupsvatnet oppover i takt med at avlaupsvatnet vert blanda inn i dei kringliggjande vassmassane. I og med at tidevatnet sørger for god vassutskifting og at hovudmengda av avfallsstoffa frå anlegget vil vere innblanda på 0-10 meters djupne, meiner administrasjonen at ein difor også kan pårekne at dei øvste vassmassane vil verte ført inn i Bjørsvika når tidevatnet er på veg inn i fjorden. Administrasjonen saknar ei vurdering knytt til kva verknader dette vil kunne ha for tilhøva inne i Bjørsvika når produksjonen vert tredobla ut i frå dagens løyve.

Administrasjonen meiner vidare at det i samband med den auka satsinga på landbaserte anlegg også må verte satt fokus på moglegheiter for reining av utsleppa frå desse anlegga. Målet for slike anlegg må vere at ein størst mogleg andel av utsleppa må kunne samlast opp og gjenvinnast eller plasserast på dertil eigna deponi i staden for å verte sleppt ut i fjorden. Kommunen vil vise til arbeidet med regional plan for vassområde Hordaland, der ein har fokus på å redusere miljøpåverknadane til vassresipienten. Ved utslepp frå husstandar er det standardkrav om reining som vil verte strengare som følgje av den nye regionale planen for vassområda i Hordaland, og administrasjonen kan ikkje sjå at næringsverksemder på land med utslepp av dei dimensjonane som det er snakk om i dette tilhøvet, skal kome utanom reining. Dette vil vere i strid med intensjonane i den regionale planen som er under utarbeiding. Administrasjonen meiner vidare at det i samband med meir satsing på landbasert produksjon av fisk må gjerast ei satsing på korleis utsleppa kan avgrensast og korleis avfall frå anlegga kan gjenvinnast til andre produkt. Utan krav om reining vil det lite truleg verte ei rask utvikling av nye metodar for å få dette til, og administrasjonen meiner soleis at eit krav om reining ved fleire landbaserte anlegg vil bidra til ein fortgang i teknologiutvikling og metodar for dette.

Når det gjeld tilhøvet til plan- og bygningslova for det omsøkte området, ligg det føre reguleringsplan for det aktuelle området der den planlagte utvidinga er tenkt. Det ligg også føre vedtak om dispensasjon for utvidinga som er omsøkt. Søknaden om utviding er soleis avklart i høve gjeldande arealbruk i området.

.....